

23. april 2012

Pressemelding

Rekordhøg søking til høgare utdanning

Samordna opptak (SO) har per april 2012 registrert omkring 115 800 søkjarar til høgare grunntdanning. Det er ca. 7 000 (+ 6,6 %) fleire søkjarar enn i 2011.

- Dette er det høgaste talet på søkjarar vi har hatt i Samordna opptaks historie, seier Bente Ringlund Bunæs, dagleg leiar i Samordna opptak. – Auken er større enn det veksten i ungdomskulla skulle tilseie, og det er heller ingen nye lærestader eller studium som kan forklare den store auken. Det ser ut til at det er ei auka interesse for høgare utdanning i befolkninga.

Auken i søkjarmassen påverkar ikkje kjønnsfordelinga. I 2012 er 59,2 % av søkjarane kvinner, mot 59,4 % i 2011.

Utdanningsområde

Av utdanningsområda med over tusen studieplassar har teknologiske fag størst auke med ein oppgang på 20,0 %. Deretter følgjer pedagogiske fag (+ 14,0), jus (+ 11,8) og lærar (+ 11,7).

Innanfor utdanningsområdet lærar (+ 11,7) ser vi at førskulelærar har 22,0 % fleire søkjarar. Grunnskulelærarutdanning for 1.- 7. trinn går fram med 8,8 %, mens for 5.- 10. trinn er auken på 6,0 %.

Utdanningsområdet helsefag, som er det største utdanningsområdet, har ei auke på 4,1 %. Av helsefaga er vernepleiar (+ 24,7 %), sjukepleiar (+ 7,5) og medisin (+ 6,4 %) blant dei utdanningstypene med størst auke.

Fleire tal

Søkjartal og tal frå tidligare års opptak finst på SOs statistiksider:

www.samordnaopptak.no/info/soekertall/

Vidare plan for offentleggjering av søkjartal finst i SOs informasjonsplan:

www.samordnaopptak.no/info/soekertall/informasjonsplan/

Nærare opplysningar om søking til høgare utdanning får du ved lærestadene sjå [http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt_laersted/](http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt_laerested/)

eller

Samordna opptak (tlf. 22 84 18 25, 22 84 18 04 eller www.samordnaopptak.no)